

ÅRSMELDING FOR FITJAR INDREMISJON 2011

Årsmøtet i fjor var 23.01.2011.



Styret for Fitjar Indremisjon

Etter årsmøtet var styret samansett slik;

Trygve Eiken, formann	(attval for 2 år)
Annbjørg Stjern Tvedt, nestformann	(ikkje på val)
Magnhild Turøy, skrivar	(attval for 2 år)
Steinar Vik, kasserar	(ikkje på val)
Rolf Atle Rolfsnes, styremedlem	(attval for 2 år)

1. varamedlem Per Magne Torvund,
 2. varamedlem Reidun Vik
 3. varamedlem Tore Vestbøstad
- Varamedlemane vert valde for eitt år.

Valnemnd; Olaug Wiik, Lars Vestbøstad og Lars Hovstad

Revisorar; Hanna Vestbøstad og Atle Vestbøstad

Samarbeidet i styret har vore svært bra. Me har delt på oppgåvene, og me vedgår gjerne at denne innsatsen har gjeve oss mykje att i form av glede og velsigning. Me er privilegerte her i Fitjar, som har så rike kristne tradisjonar og me ber på ei bøn om at desse må me få vera med og bringa vidare.

Me har vore samla 8 gonger til styremøte og handsama vel 40 saker.

Medlemer i Fitjar Indremisjon

Det er no 4 år sidan me tok til med skrivne medlemer. Ved årsskiftet no sist var det 71 medlemer som er 7 mindre enn året før. To har gjeve melding om at dei trekkjer seg som medlemer. Me gjer merksam på at for 2010 sendte me ekstra purring til dei som kanskje hadde gløymt å senda giro innbetalinga, noko me ikkje gjorde i 2011.

Det var ca 35 (ca halvparten) av medlemane som møtte til årsmøtet i 2011.

Møte og tilstellingar

Me i FIM har hatt eit jevnt år, med god oppslutnad om møta. Dei eldre kjenner trongen til å koma saman og dela ordet og dei tradisjonelle møta gjev for desse det trygge og gode samfunnet.

Dei yngre har så mange jern i elden, dei skal ta seg av born og ungdom og får dermed fleire høve til påfyll og inspirasjon og ny innsats.

Me har hatt to møteveker. Den første fra 8. til 13. mars. Det var ei fantastisk fin familieveke kor alle barne-arbeidarane frå Samskipnaden var med.

Lise Marie, Ragnhild og Marit møtte kvar sin kveld og samla mykje folk.

Tema var Bygge Guds rike og me såg tommestokkar, og såkorn – Guds Ord, legoklossar og ei mengd mursteinar so me lurde på om golvet i bedehuset var sterkt nok. Flott frammøte med ca 150 på torsdagen, men at det kom over 60 ein laurdagskveld – med mange andre aktivitetar i bygda på same tid – var svært bra. I det heile ei flott veke med bøn til vår Herre og "bygg"-Mester at byggjebeidet må få halda fram i bygda vår.

Den andre møteveka var fra 2. til 6. november med Torgeir Lauvås som talar. Dette var ei møteveke til oppbygging, med fin forkynning frå ein svært bibelkjent og moderne predikant med power-point av bibel tilvisingar og mange bilde-illustrasjonar.

Møtelista for alle arrangement som er planlagde framover i tid, har me satt opp som vanleg. Denne møtelist er god å ha i heimane så den vert kopiert og delt ut. Sameleis oversikt over bønemøta som er om onsdagane.

Informasjonsfoldaren. Den inneheld oversikt over alle foreiningar og lag, når dei plar samlast og kven som er leiara. Ei fin orientering om arbeidet på Fitjar Bedehus, som også vert delt ut.



Det er mange møte kor mange av medlemmane tek heile ansvaret, der ein får talar, songkrefter, ordnar annonse og tek inn kollekt til misjons-arbeidet. Vi kan ikkje rekna opp alt her, men viser til møtelistene. Men me kan nemna at det har vore møte for Norsk Misjon i Øst, for Radio Fitjar, Framneskveld, to møteveker for Misjonssambandet, møte for Sunnhordlandsaksjonen for NMS, for Israelmisjonen, Song og musikk møte med Sangkameratene frå Sandnes, påskemøte med NLM, Jonsok-feiring og Jonsokbasar for NMS.

Etter sommaren hadde me samlingsfest 28. aug. med tale av Marit Ådnanes fylgt av ei møteveke med F.A. Lauvås.

Fredagsseminar 28.okt.

For å få ei orientering om kva dåpssyn Indremisjonen og Den norske Kyrkja har, fekk vi til eit fredagsseminar kor generalsekretær Erik Furnes frå IMF og soknepresten vår Olav Oma hadde kvar sitt innlegg, med etterfylgjande spørsmålsrunde godt leia av Ingebrigt Sørffonn. Frammøtet var godt og me bør så absolutt få til fleire slike seminar med andre aktuelle emne.

Hausten er også tid for basarar slik også dette året. Indremisjonsforeninga hadde basar laurdagen i

møteveka til indremisjonen og bedehuset hadde ei julemesse til inntekt for bedehuset kor me for fyrste gong på denne messa kom over kr. 100 000,00 Det har vore Adventfrukost med Søndagsskulen og Me syng Jula inn med Fitjar Musikkforening.

Julefesten var 28.des med andakt av Liv Rolfsnes og fantastisk fin song av Heidi Rolfsnes. Ca 75 personar var med. Rolf Atle hadde film for borna oppe på loftet under andakten til Liv.

Årsmøtet for Samskipnaden i Ølen 24. til 26. juni.

Utsendingar Lars Hovstad, Sigrunn og Trygve Eiken

Generalforsamling for IMF på Bildøy med tema; Disippel. Utsendingar Sylvi R. Sørffonn, Magnhild og Kjell Turøy

Økonomi

For Fitjar Indremisjon er økonomien ikkje tyngjande. Uroa vår er heller at me ser at kollektane på møta vert mindre og mindre, slik at vår støtte til Samskipnaden minkar. Når me tenkjer på Svein Bjarne Aase og hans medarbeidarar så veit me at dei treng heller større innkome slik at dei kan ha høve til å senda endå fleire arbeidarar ut i bygdene våre.

Sjå eige rekneskap.

Klubben 5.-7. klasse

Me samlast annakvar torsdag (oddetallsveker) i bedehuset frå kl 18.45 til 20.15. Der har me først ein knapp time med aktiviteter av forskjellig art, deretter ein andakt med songstund og til slutt ei matøkt. Aktivitetane varierer frå gong til gong, men det er alltid mat-gruppe. Elles har me Radiostyrte biler, bordtennis/fotballspel/airhockey, foto, scrapping, musikk og tull & tøys. På Tull & Tøys er det mest selskapsleiker som 4mann i sofaen, fruktsalat og slike leiker.

Song og andaktstunda er ca. 20 min. Her har me av og til eige comp (no etter dei nye instrumenta kom) og kanskje forsongarar dersom det har vore musikkgruppe den dagen. Hovudsongane våre er

Levende Håp og Nå vil jeg følge deg. I periodar har me testa ut å ha andaktstykke der me deler gjengen opp i grupper og kvar av leiarane les eit andaktstykke. Dette har vore veldig bra. Då får me meir kontakt med den enkelte og kan opne for spørsmål og samtale. Me har også fått kjekt besøk av frivillige og tilsette ved Samskipnaden, det er også bra. Elles deler Kjerstin og Marianne på å ha andakt. Me starta med eit opplegg frå Maks Hjelpen, men har ikkje brukt dette på ei stund.



Vår visjon for Klubben er at born i Fitjar skal bli kjent med Jesus og følgje Han. Det er svært mange som går på Klubben som ikkje har gått på søndagsskule, kor eller kjem frå kristne heimar. Dei går der fordi det er kjekt der. Me er veldig tydelig på kvifor me har Klubben. Det er likevel lett for å mista den enkelte mitt i "kavet". Det er viktig å ha eit lavterskel-tilbod samtidig som dei som går der må oppleve å møte Jesus.

På leiarsida har me vore godt rusta. Me kjenner nok litt på behov for inspirasjon i forhold til fornying og nye aktiviteter. Me er svært privilegerte med at så mange born ønskjer å komme på Klubben. Foreldre kommenterer kor kjekt dei har det der. Me ønskjer å dele Jesus med born i Fitjar og treng forbønn til tenesta.

Fitjar, 10. januar 2012

Marianne H. Aarbø	Kjerstin Stokken
Solveig Vik	Torbjørn Hovland
Terje Eiken	Roald Myhre
Ole Heine Haukeland (vikar)	Karine Lillenes (vikar)

Her er litt fra TenTreff

Året 2011 i TenTreff har vært med en liten, men trofast gjeng på ca 5-8 ungdomsskoleelever for det meste. Vi samles lørdager i oddetallsukene.

Vi har veldig lyst å få med flere, men tenker langsiktig, og ser at overgangen fra Klubben til TenTreff er viktig å få til.

Vi starter med andakt og sang, og har pleid å bruke storsalen endel - det er ekstra kjekt å ha mulighet til dette nå som vi har kjøpt inn instrumenter vi kan bruke i husorkester. I høst har vi gjort dette et par ganger.

Etter møtedelen har vi kiosk, spill og sosialt nede i kjelleren. Vi har kjøpt ny komfyr da den som stod på kjøkkenet nede var ødelagt og airhockeybord. Dette fikk vi 10 000 til som prosjektstøtte fra Indremisjonsforbundet siden vi er i startgropa og jobber framover mot å få flere med oss.

Vi er glad for muligheten til å ha TenTreff, og ser stort på å få dele Jesus med ungdommene på Fitjar! Vi ønsker at de skal bli kjent med Jesus og bli styrka og bevart hos Ham.

Ledere har vært Bård Inge Sørfonn, Johannes Olsen, Kjerstin Stokken og Trond Stokken. Bård har desverre måttet trekke seg, så vi er litt få ledere, og dette er et stort bønneemne for oss. Vå håper og få til å være 6 ledere og har dette som mål fra høsten 2012 i alle fall. Vi trenger forbedere, så vær med oss å be om vekkelse blant ungdommene på Fitjar!

For TenTreff, Kjerstin Stokken.

Fra styret

Det er mange menneske som har gått inn og ut av dørene våre i bedehuset. Nokre ser vi ofte, andre ser vi sjeldan. Gud ser til hjarta og kjenner kvar enkelt. Vi er glade når ein vel å koma tilbake. Kanskje vil vedkomande ein dag bli ein medarbeidar i arbeidet vårt? Det viktigaste er i alle høve korleis Gud møter desse. Det er då det er viktig at vi som reiskap for Jesus ikkje støyter nokon bort, men gjer at folk blir nyfikne og interessert i det kristne fellesskapet – og til å leve i og etter Ordet. Når Gud strekkjer ut nådens gåve til ein person kan alt skje! Då er det viktig å vera vakne, ta vare på vedkomande og hjelpa til vidare.



29.mars 2011 var dagen då Fitjar Musikkforening markerte 45 års dag sidan den var starta. Blomar vart delt ut til Lars Vik, Bertine Sætre og Nils Vestbøstad som har vore med sidan starten.

Ei ekstra takk til Lars som har leia dette i alle desse åra. Musikkforeninga har vore og er eit svært viktig reiskap for arbeidet på bedehuset.

Framover

Når me ser på den store "ungskogen" som nå veks opp, så må me gleda oss og vera mykje takksame for alt arbeid som vert lagt ned. Ikkje noko gjer seg sjølv. Me vonar at me kan få bevare alle desse små på himmelvegen.

Viktige samlingar på bedehuset

For å få til samlingar der alle generasjonane kan vera saman, prøver me no å få det til slik at søndagsmøta av og til kan ta til om ettermiddagen. Då kan heile storfamilien samlast med eige opplegg for born. Me ønskjer at dette må verta ei møteform der alle kan kjenna seg heime.

Takk

Takk til alle de unge enkeltpersonar og familiar som gjer ein kjempeinnsats, anten det er baby-song, småbarnstreff, i søndagsskule, barne-gospelkor, jente-forening, Klubben, TenTreff, og ikkje minst praktiske gjeremål som kjøkken-teneste, vaskedugnad og anna dugnad. Det er mykje å gleda seg over.

Me vil vidare nytta høvet til å takka kvar og ein som har gjort ein innsats i Fitjar Indremisjon i året som har gått. Det er mangfaldet som gjer at det vert kjekt og inspirerande å gå på møte og undra seg på kva ein kan

få høyra og oppleve på møtet og kva Herren vil "syna" ein denne gongen.

Takk og for godt samarbeid med bedehusstyret. Det er viktig at me tek godt vare på huset vår.

Me takkar og alle dei andre misjonslaga, foreiningar og aktørar, som er med i samordning av møter på bedehuset, saman står me i eit viktig arbeid for bygda vår.

Det har hendt mykje dette året, både av gode og vonde hendingar. Det som hende i Oslo i fjor sommar var ei tragedie som sette djupe spor og som rørte folket og som viste at i vanskelege tider søker ein til kyrkje og bedehus. Me er overtydd om at ein kjem dit, fordi ein veit at der vil ein ikkje vera aleine. Der Ordet vert lese og forkynt der får Gud verka og Jesus er ikkje langt unna. Han veit kva ein treng i tunge stunder og vil hjelpa om ein berre spør. Då Peter ropa om hjelp rette Jesus straks ut handa og greip tak i han. I går og i dag er Jesus den same.

Me takkar Gud for oppgåva han har kalla oss til og me vil be om at me alle er i bøn for liten og stor, ung og gamal. Be om vekking og fornying.

Årsmøte i Fitjar Indremisjon 15.01.2012

Magnhild Turøy

Magnhild Turøy
Skrivar

Trygve Eiken

Trygve Eiken
formann



Frå jonsokfeiringa på Nesbø 23.06.2011